

Nr. 4-2013, årgang 48.

KYRKJEBLAD


for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



I oktober var konfirmantane frå 1961-1963 samla på Misjonshuset i Kviteseid til gullkonfirmantfest.

Side 3: julehilsen frå biskopen vår
Side 10: Se bilete frå gullkonfirmantfesten





Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: Inge Waldenstrøm
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstatarar i dette nummer: Hallvard
Nordbø Jørgensen, Stein Reinertsen, Jan
Haugen, Olav Mosdøl, Hadle Hovda,
Dagfinn Køhn.

Betyr vi noko?

Betyr vi noko som menneske? Det er eit grunnleggjande spørsmål. Historia om Maria og Josef som vandrar til Betlehem, og Jesusbarnet som blir fødd i ein stall, er ei vakker forteljing. Ho tåler å bli gjenteken gang på gang. Inga jul utan denne forteljinga. Men ho er også noko meir enn ein tradisjon og ei god forteljing: Ho er Guds svar på spørsmålet menneske til alle tider har stilt seg: «Betyr vi noko for Gud?»

Juleevangeliet viser meg kor langt Gud er villig til å gå for å vise sin kjærleik mot oss menneske. Vi trur at Jesus var til før verda vart skapt. Han var frå æva saman med Gud Fader og Den heilage Ande. Julenatta forlét Jesus si trone i himmelen, og kjem inn i verda vår. Som det står i ei gamal hymne i Det nye testamentet: «Då han stod fram som menneske, fornedra han seg sjølv» (Fil. 2,7 f).

Gud blir som ein av oss. Han vert ikkje fødd i eit palass, men i ein stall. Det er dei fattige gjetarane, dei med eit litt frynsete rykte, som først får høyre nyheita av englane. Nokre dagar gamal vert han flyktning og må rømme til Egypt. Han lever slik vi gjer med både gleder og sorger. I julesongen «Ei krubbe var vogga» syng vi om denne vegen som han gjekk ned til oss.

Han kom frå Guds himmel
Gud sjølv var han lik
Men Jesus blei fattig
Og eg er blitt rik
Nedstiginga stoppar ikkje der. Jesus gjekk

lengre enn å stige ned frå himmelen. Han som sjølv er Gud, var villig til å ofre meir. Han gjekk så langt som det er mogleg å gå. Til slutt døyr han friviljug på ein kross. Krossen var ikkje resultatet av at Jesus vart misforstått, det var heile tida planen hans. Det går ei line: «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg».

Men det er ei viktig side ved denne forteljinga vi må få med oss for at vi skal forstå djupna og konsekvensane. Englane fortel til gjetarane på marka: «Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.»

Forteljinga seier meg at Jesus ikkje berre viste at han var villig til å fornedra seg, ho viser oss at han gjorde det for kvar liten skapnings skuld, det vil seie også for mi skuld. Jesus vart fattig for at eg skulle bli rik. Slik opna han porten til himlen for oss:

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord
Så høgt er eg elska av Jesus, min bror

Julehøgtida feirar vi til minne om Guds svar på spørsmålet:
Betyr vi noko?
Eg ynskjer dykk ei velsigna julehøgtid!

Stein Reinertsen
Biskop i Agder og
Telemark





Flygel til Kviteseid kyrkje

Det gamle pianoet i Kviteseid kyrkje har fått avløyning. På ei stor familiegudsteneste 17. november fekk 150 personar oppleve eit flott flygel for første gong. Instrumentet er ei gåve frå Sparebanken Sør.

Det var nærast ved eit tilfelle at organist Dagfinn Køhn i starten av mars i år fekk kjennskap til at firmaet Ljosland Musikk på Notodden hadde lagt ut to konsertflygel for sal. Begge instrumenta hadde firmaet i fleire år leigd ut til seriøse konsertar i austlandsregionen, med jamleg vedlikehald og stemming, og såleis var dei begge i god stand.

Umiddelbart vart det ein draum å få eit av desse instrumenta til Kviteseid kyrkja, men i tider med øko-

nomisk nedskjering både i kommune og kyrkje såg utsiktene heller dårlege ut. Redninga vart Sparebanken Sør. I april vart det sendt søknad dit om støtte til prosjektet, og i juni kom det positivt svar: Banken gav støtte til heile innkjøpssummen, kr. 155.000, og nå står altså instrumentet på plass i kyrkja.

Under innviinga nytta organisten flygelet både under salmesong, ofring og postludium, og ekstra triveleg var det at han denne dagen òg kunne akkompagnere Unge Røyster, som deltok med flott song. Kyrkjelyden rettar ein stor takk til Sparebanken Sør og vonar at flygelet vil bli til glede og inspirasjon i åra som kjem.



Håpet for Marias barn

Vårt auga ser i kveld mot sør
der stjerna står på himmelkvelv,
ho smiler over land og sjø
og speglar seg i stille elv.

Me høyrer tonar og musikk
igjennom ord og strengespel,
og veit Marias unge liv
var fylt av håp og utan tvil.

Du Betlehem i Judaland
er byen i vår julesong,
der vise menn frå Austerland
fann krubba og Marias barn.

Me søkjer òg ein kvilestad
med rom for bøn og heilag ro,
og ynskjer at Jerusalem
kan sende ut eit fredens bod.

Me syng ein bårsull denne natt
kring vogga til eit lite barn,
som fødest i Jerusalem
og sovnar trygt på mor sin arm.
Ei framtid for Jerusalem
er håpet for Marias barn.

Olav Mosdøl



Unge Røyster under øving på Misjonshuset 25.11.2013.

Unge Røyster fortener eit jubileum

Barnelagsarbeidet begynte på Kvitsund tidleg i 1970-åra. Varierte aktivitetar var godt i gang fleire stader i NLM-regi under leiing av Johan Foldøy. Blant småjentene til personalstaben var det fleire som var interesserte i song og musikk. Ein av dei som la merke til dette var Kjell Lindheim.

Kjell var komen som ung lærar til Kvitsund ungdomsskule i 1972, og hausten 1973 danna han den fyrste

korgruppa for born i Kvitsund-området. Dei hadde øving kvar veke og deltok på ymse barnelagssamlingar og andre tilstellingar.

Hausten 1976 vart koret fastare organisert og tok namnet «Unge Røyster». Både jenter og gutar over 10 år kunne vere med. Anne-Mari Bergkåsa, som då hadde flytta til Kviteseid, kom med som fast pianist i perioden fram til 1989.

Seinare har arbeidet med «Unge Røyster» gått sin faste gang. Mange barn og ungdomar i Kviteseid har fått god songmusikalsk opplæring. Dei har hatt ein triveleg møtestad i koret, og den kristne trusdimensjonen har stått sentralt. Øvingsstaden var på Kvitsund dei første åra. Frå slutten av 1980-talet blei den lagt til Misjonshuset i Kviteseid. Då Dagfinn Køhn vart tilsett som organist i Kviteseid i 1990, kom han også med som pianist for Unge Røyster.

Når ein ser tilbake på det arbeidet som Kjell Lindheim – og nokre andre – har gjort gratis gjennom 40 år, må ein bli imponert. Kvar veke har det vore samling av dei unge, som har variert i talet frå 14-15 til 30-40. Dei har fått fokus på song, musikk og kristen tru. Me kan tale om ei sunn og trygg trusopplæring. Dette viktige arbeidet fortener stor takk frå familiar, kyrkjelydar og kommune.

I det høvet at det kristne song- og korarbeidet rundar 40 år i Kviteseid, finn kyrkjelydsbladet det naturleg å ta ein liten jubileumsprat med kordirigent Kjell Lindheim.

Kven har vore med i Unge Røyster?

Det begynte med ein flokk jenter, som dei første åra var mykje knytt til Kvitsund-området. Eg minnest namn som Else Grete, Liv Andrea, Veslemøy, Anne, Ingebjørg og Marit. Seinare kom det også gutar. Det var særleg frå første

del av 1980-talet og utover. Og ungdomar frå fleire grender i Kviteseid blei med. Me vart ei stor gruppe med god stemmekvalitet. Ikkje minst kan eg hugse eit par flotte julekonsertar i Kviteseid kyrkje. Me har også spela inn CD-ar.

På det meste var me opptil 45 songarar. Då var også enkelte gymnasiastar med i koret.

Kan du nemne noko av årsprogrammet?

Me har vanlegvis øving på måndagar frå kl. 17.30 til 18.30. I løpet av året har me ca. 20 øvingar. Av dette kan det vere tre hyggekveldar med mat og kos. I gjennomsnitt har me 7-8 opptredenar innafor kommunen. Det kan vere i forsamlingar, kyrkjer eller bedehus. Elles har me gjerne ein badetur til Gullbring i Bø, aketur i Vrådal og weekend med overnatting på Misjonshuset. 2013/14 ser ut til å vere eit lovande år med 29 røyster i koret. Me set stor pris på at to gutar er med. Korgruppa kjem frå 4. til 7. klasse.

Kan du nemne noko om formålet til Unge Røyster?

I dag er Unge Røyster organisk knytt til Normisjon og barne- og ungdoms-avdelinga Acta. Misjonshuset er ein del av denne organisasjonen. Vårt kor har som formål å vere ein naturleg del av eit kristent barnearbeid med fokus på song og musikk, opplæring og utvikling. Noko som får ringverknader for personleg vekst og kunnskap, tryggleik og sosialisering.

Songar de har vorte glade i?

Eg har vore oppteken av at songtekstene skal ein god bodskap. Det skal vere noko å leve på for vår kristne tru. Dei unge songarane bryr seg mykje om tekster. Dei ber dei med seg inn i det vaksne livet. Når det gjeld melodiane, skal dei vere melodiose, friske og rytmiske.

Skal eg ta med eit par songar som har slege godt an, kan eg nemne:

Det er fest i vår Herres hage, du kan komme dit om du vill! og Du er ein augnestein. Du er ein augnestein for Jesus.

Til slutt nokre inntrykk frå Unge Røyster-medlemmer, som kyrkjebladet har tala med:

To unge jenter i noverande kor seier: - *Det er veldig greitt å vere i koret. Det er gøy og god stemning. Me lærer mykje både om song og om Gud.*

To vaksne kvinner seier: - *Det er flott å kunne møte att Kjell Lindheim. Han var ein frisk og oppmuntrande korleiar. Gjennom Unge Røyster fekk me eit trygt feste for vår kristne tru, som me ber med oss i dag.*

Olav Mosdøl

Prestens hjørne

For tida sender NRK ein serie med tittelen "Fylla." Eit TV-team har besøkt festemiljø rundt om i Noreg, der det drikkast mykje alkohol. På ein måte er det lett å skjønne appellen i denne typen samvere. Alkoholten gjer at folk kan kjenne seg meir frie og lausslopne, og ein del får dempa sin sosiale angst. Mange opplever at alkoholen forsterkar ei god stemning.

I kristen tradisjon har ein ikkje vore imot drikkevarer som øl og vin. Dei kan sjåast som ein del av Guds gode skaparverk. Trass alt gjorde Jesus vatn til vin i bryllaupet i Kana. Men ein har alltid hatt ei tydeleg haldning om at det å ruse seg og drikke seg full er ei synd som ein må ta oppgjer med. Her må kristne òg vakte seg vel for ikkje å vere overlegne eller fordømande. Vi har alle våre ting å slite med, og vi treng alle å bli møtt med tilgjeving og hjelpande nestekjærleik.

Eg trur det er mogleg å gje gode argumenter for det kristne bodet om rus. For det fyrste veit vi at fylla verkeleg fører med seg mange negative konsekvensar. På NRK-serien kan vi til dømes sjå hærverk, oppkast, utnytting av kvinner, folk som knapt kan gjere greie for seg osv. Vi veit også at enormt mange fysiske og psykiske skader, samt øydelagde relasjonar, fylgjer i kjølvatnet av fylla.

Ein god del klarer å "halde seg på matta" i trass av at dei drikk mykje. Andre klarer det ikkje så bra. Men i kristne fellesskap skulle det vere trygt og godt å vere for alle, og det er ei anna



årsak til at dei bør vere rusfrie. Som Paulus skriv: "Dei sterke må ha omsut for dei veike, og vi må alle bere kvarandres byrder." Like eins skulle kristne fellesskap vere stader der Guds gode skaparverk skulle få utfalde seg - i song og musikk, i klar tenking og meningsfulle samtalar, i god mat og drikke, i leik og glede, i bøn og tilbeding. Det er diverre sant at kristne fellesskap ikkje alltid fungerer på denne måten. Men det er noko vi saman kan arbeide for, og strekke oss mot.
HNJ



Gullkonfirmantfest

Sundag 20.oktober var det gullkonfirmantfest i Kviteseid for konfirmantkulla frå 1961-63. Det var konfirmantar frå Brunkeberg, Fjågesund, Kviteseid og Vrådal som var samla - fyrst til gudsteneste ved Seljordpresten Kjell Johan Nenseter i Kviteseid kyrkje og så til ei samkome på Misjonshuset. Det var 35 gullkonfirmantar og dei aller fleste kan du sjå på biletet ovafor. Nokre få måtte gå før vi fekk ta det.

Det vart ei veldig triveleg stund i saman med middag og kaffi der praten gjekk høgt. Det var tydeleg mange som hadde mykje å mimra om. Johannes Skarprud fortalde svært så interessante frå skule- og konfirmanttida og minna om den originale konfirmantpresten deira, Hårek Midtgaard. Han underheldt med vakker song til eige gitarspel. Takk til alle som kom.



Følgjande var med på festen:

Aabø, Knut; Andersen, Aksel; Berg, Tone Olga Birgitte; Dalen, Hellbjørg; Eilefstjønn, Valborg; Eng, Liv Grete; Fjalestad, Inge; Heldal, Gerd Inger; Holte, Aslak; Holte, Torbjørg; Hommen, Marit Steinsrud; Kleveland, Bjørnar; Kristoffersen, Kari Vaa; Lindestad, Borgny; Lindestad, Olav; Lofstad, Sigrid Tufte; Nordskog, Ole; Roholdt, Gjermund; Rosland, Bodil; Rui, Hildegunn Marie; Skarprud, Johannes; Skree, Solveig; Slettemeås, Kjell; Slettemeås, Marit; Slettemeås, Sigrid Stråndi; Teigen, Solveig; Thorstensen, Gunnhild Moen; Torsdalen, Bodil Halsvik; Torsdalen, Tore; Tveito, Eva; Tveten, Anne Grete; Veierud, Jon; Wilvangen, Marit Lundevall; Wraa, Petter; Øvrebø, Aage.

Ny kyrkjetenar i Kviteseid

Som mange sikkert har fått med seg, vart stillinga som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeider lyst ut tidlegare i haust. Det var mange som søkte stillinga. Ein av dei var Håkon Heggtveit frå Åsgrend. Han vart til slutt plukka ut blant søkjarane og tilbydt stillinga. Håkon takka ja, og tek til i jobben 2. desember.

Håkon er 52 år gamal. Han har drive jord og skogbruk det meste av yrkestida si. Sonen hans, Jørund (24 år) har nyleg overteke garden og Håkon skal til som avløysar her. I tillegg har han ein son til, busett i Oslo. Stillinga i Kviteseid er ei 50 % stilling og dette passa Håkon godt.

På fritida likar Håkon å farte litt rundt på motorsykkel. Han er i tillegg glad i jakt og fiske, og sist men ikkje minst er han veldig glad i familien sin. Mange av dei bur i Åsgrend og dette betyr mykje for han.

Me ynskjer Håkon velkommen i staben og ser fram til triveleg samarbeid.

Jan H.



Ei utfordring

Den gamle delen av Kviteseid kyrkjegard har vore tema ved fleire tilfelle. Terrenget er bratt, og avstanden mellom rekkjene er i minste laget når ein skal fram med traktor. På vinterstid må det brøytast innover fleire rekkjer. Dette er ikkje nokon enkel sak, og dersom det i tillegg er montert bedkant, kan det bli svært vanskeleg å få utført dette. Vi vil difor minne om at det kun er ramme i tre som er godkjent og at avstanden frå bakre kant av sokkel til framkant av ramme ikkje skal vera over 60 cm. Det er av stor interesse for oss som jobbar på kyrkjegardane at dette

reglementet blir fylgt. Alle gravminne skal godkjennast før montering. Vi opplever dessverre at enkelte steinleverandørar slurvar med dette. Dersom nokon er i tvil om kva som kan eller ikkje kan brukast, minner vi om at du får alle opplysningar du treng ved å kontakte kyrkjekontoret. Du kan også ta direkte kontakt med oss som jobbar på kyrkjegarden for å spørje om råd.


Takk.

Kyrkjetenarane i Kviteseid .

Jan H

Håkon H.





I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

Døyppte

Kviteseid: Adele Due Coll.
Sara Natalie Landsverk.

Vrådal: Sigrun Elsebeth
Fangel Mo (busett i
Brunkeberg).
Naomi Supahs Larsen
(døyppt i Sauda).

Fjågesund: Vilde Alice Rønningen
Storbukås.
Eirik Pålsson.
Tiril Langkås (busett i
Bø).
Timian Langkås (busett i
Bø).

Gravlagde

Vrådal: Marta Straand
(urnenedsetjing).
Jon O. Straand.

Brunkeberg: Agnes Svanajord.
Tor Ivar Evensen.

Kviteseid: Ruth Annie Oppebøen.
Hjørdis Andersen.
Haldor Strand.



Oppslagstavla

Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på

tlf. 350 53 784.

Annonse



Oppløvingar, minner, vener og utfordringar.
Kvitsund Gymnas er mykje meir enn studiekompetanse.



Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

DESEMBER 2013

Sun. 15. 3. s. i advent Matt 11,2-11
Vrådal kl. 11. Nattverd. Kviteseid kyrkjekor.
Ofr. IKO.
Kviteseid kl. 18. Adventskonsert.

Ons. 18.
Vrådal kl. 19. Adventskonsert ved lokale krefter.

Sun. 22. 4. s. i advent Luk 1,46-55
Kilen kapell kl. 16. Jørgensen. "Eit annleis jolebord."
Ofr. Kirkens Nødhjelp.

Tys. 24. Jolaftan Luk 2,1-20
KOS kl. 1330
Brunkeberg kl. 15. Of. Kirkens bymisjon.
Vrådal kl. 16. Of. Kirkens Nødhjelp.
Kviteseid kl. 1615. Of. Kirkens Nødhjelp.

Ons. 25. Joledag Joh 1,1-14
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Of. NMS.
Kviteseid kyrkjekor.
Vrådal kl. 11. Nattverd. Of. NMS.

Tors. 26. 2. joledag Joh 1,1-14
Brunkeberg kl. 11. Nattverd. Of. NMS.
Fjågesund kl. 11. Nattverd. Of. NMS.
Utdeling av 4-årsbok.

Tys. 31. Nyttårsaftan Luk 13,6-9
Kviteseid kl. 23. Nattverd.

JANUAR 2014

Sun. 5. Kristi openberringsdag Matt 2,1-12
Kviteseid kl. 11.

Sun. 12. 2. s. i. openberringstida Matt 3,13-17
Kviteseid kl. 11. Diakoniens dag.
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 19. 3. s. i openberringstida Joh 2,1-11
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Kyrkjekoret i Kviteseid.
Ofr. Den norske Israelsmisjon.

Sun 26. 4. s. i openberringstida Luk 18,35-43
Kviteseid kl. 11. Kviteseid Barnegospel.
Ofr. Acta - Barn og Unge i Normisjon.

FEBRUAR

Sun 2. 5. s. i openberringstida Mark 2,1-12
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Of. Bibelselskapet.

Sun 9. 6. s. i openberringstida Joh 6,63-69
Vrådal kl. 11. Of. Kyrkjelydsarbeidet.
Bedehus

Sun 16. Sámannssundagen Luk 8,4-15
Morgedal kl. 11. Of. Kyrkjelydsarbeidet.
Grendehus

Sun 23. Kristi forklæringsdag Matt 17,1-9
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Of. Menighetsfakultetet.

MARS

Sun 2. Fastelavnssundag Joh 17,20-26
Kulturhuset på Dalen kl. 11. Felles avskjedsgudsteneste
for prost Øyvind Jørgensen.

Sun 9. 1. s. i faste Matt 4,1-11
Fjågesund kl. 11. Of. kyrkjelydsarbeidet.
Grendehus

Sun 16. 2. s. i faste Matt 15,21-28
Kviteseid kl. 11. Unge Røyster.
Ofr. Kyrkjelydsarb. for born og unge.

Ons 19.
Kviteseid kl. 19. Fastegudsteneste med
Taizé-preg. Kviteseid kyrkjekor.